


# Faktaark - næring



Dette faktaarket er del av energi- og klimaplan for Granvin herad.

Kommunale energi- og klimaplanar set arbeid som vedrører energi og klima i ein større samanheng.

Med utgangspunkt i status, forventa utvikling og eigne prioriteringar definerer planen mål og tiltak.

Arbeidet med Granvin herad sin energi- og klimaplan har fått stønad frå Enova SF.

Plan og faktaark er utarbeidd i samarbeid med Vestnorsk Enøk, rådgjevningsmiljøet til SFE Kraft AS



Næringslivet står for 75 % av stasjonær energibruk i Granvin. Val av gode løysingar er viktig for både energibruk og klima. Miljøsertifisering er ein nøkkel til arbeid med både energibruk og utslepp. Gjennom transport av varer og tenester er næringslivet indirekte kjelde til store klimagassutsleppa frå transportsektoren.

## Status og utfordringar

Næringslivet i Granvin er prega av jordbruk, skogbruk, treforedling og offentleg tenesteyting, og står til saman for 75 % av stasjonær energibruk. Val av energieffektive løysingar er viktig for å redusere energibruken i heradet.

Industri står for over 60 % av stasjonær energibruk. 3/4 er i form av biobrensel. Sagbruket nyttar eige avfall til energiproduksjon, og det er planar om å nytte meir av denne ressursen i framtida.

Gjennom ulike stønadsordningar kan energiproduksjon basert på lokale ressursar utviklast som eiga næring.

75% av dei direkte klimagassutsleppa i heradet kjem frå transport. Dette feltet må difor ha fokus. Lokal produksjon, foredling og bruk er aktuelle stikkord. Planlegging og godt vedlikehald av eigne køyretøy er også viktig.

Rundt 20% av direkte klimagassutslepp kjem frå primærnæring. Utsleppa gjeld i første rekkje jordbruk og husdyrhald. Ein liten del av dette kan påverkast gjennom nye metodar og teknologi.

### Aktuelle tiltak retta mot næring

- ✓ Vurdere energi og miljø som parameter ved kommunale innkjøp
- ✓ Utvikle fjernvarme i sentrum
- ✓ Stimulere til lokale varmesentralar
- ✓ Krav om å vurdere energifleksibilitet for nye bygg og ved renovering
- ✓ Ynskje om utvikling av lågenergibustadar og "passivhus"
- ✓ Krav om å vurdere flaum- og rasfare i utbyggings og reguleringssaker
- ✓ Ta ut hogstmogen skog på optimalt tidspunkt og raskt plante ut ny skog

- ✓ God oppfylgning av etablert skog
- ✓ Auka omløpstider i kulturskogen
- ✓ Treaslagsskifte på produktive fure og lauvskogareal

## Dette kan du bidra med:

### Reduser energibruken:

- ✓ Innfør energileiing og oppfølging
- ✓ Vel energieffektive løysingar
- ✓ Installer vassboren varme i nybygg
- ✓ Bruk fornybar energi

### Tenk på klima:

- ✓ Miljøsertifiser eiga verksemda
- ✓ Reduser transportmengda
- ✓ Lag lokale varmesentralar
- ✓ Produser biogass frå gjødsla

### Unngå avfall:

- ✓ Tenk gjenbruk og avfallsreduksjon
- ✓ Set krav til eigne leverandørar